

Thor Inge Senneseth
Morviklien 5
5124 MORVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8338 - 20/40372

Saksbehandlar:
Madeleine Fonnes Aase
madeleine.fonnes.aase@alver.kommun
e.no

Dato:
25.06.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 492/1, 2, 11 og 13 Fesøy

Tiltak: Flytebrygge
Byggjestad: Gbnr: 492/1
Tiltakshavar: Thor Inge Senneseth

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 25.03.2019, sist supplert 19.05.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er sendt inn søknadsskjema for ansvarleg søkjar, men det er avklart i telefonsamtale 23.06.2020 at det skal søkjast om tiltak utan ansvarsrett. Ber difor at ein nyttar søknadsskjema for tiltak utan ansvarsrett.
2. Tiltaket har trong for dispensasjon frå byggegrense mot sjø. Søknad om dispensasjon må nabovarslast.
3. Tiltaket er noko anna enn opprinneleg søkt om då kai som flytebrygge skulle festast i er tatt av ekstremver sist vinter. Ber om å få ny oppdatert situasjonsplan og teikningar.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 07.08.2020. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Madeleine Fonnes Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Thor Inge Senneseth

Morviklien 5

5124 MORVIK